




SURNADAL KOMMUNE

Forskrift om satsar for berekning av grunntilskudd til private barnehager Surnadal kommune for 2027



Fastsett av Kommunestyret i Surnadal xx.10.2026 med heimel i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehagelova) §§ 19 og 19a og forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehagar (finansieringsforskrifta) § 1, jf. § 6 og § 17 første ledd og § 18 første ledd.

§ 1. Verkeområde og ikraftsetjing

Forskrifta fastset satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Surnadal kommune for tilskotsåret 2027.

Forskrifta gjeld for private ordinære barnehagar i kommunen som har rett til tilskot etter barnehagelova § 19, første og andre ledd.

Forskrifta tek til å gjelde 30.11.26.

§ 2. Satsar for grunntilskot

Ved berekning av grunntilskot til private barnehagar blir følgjande satsar per heiltidsplass nytta.

Ordinære barnehagar:

Barn 0–2 år: 335 709,-

Barn 3–6 år: 180 926,-

§ 3. Utrekningsgrunnlaget og atterhald om endringar

Satsane er utrekna på grunnlag av det siste tilgjengelege kommunerekneskapen, som er rekneskapsåret 2025.

For ordinære barnehagar er satsane utrekna ut frå dei ordinære driftsutgiftene til kommunen i tilsvarende kommunale barnehagar, med dei frådraga og påslaga som følgjer av barnehagelova § 19a og finansieringsforskrifta.

Foreldrebetaling for kommunale barnehagar er trekt frå utrekningssgrunnlaget.

Satsgrunnlaget er indeksregulert med kommunal deflator (venta pris- og lønsvekst i kommunesektoren).

Kommunen tek atterhald om at satsane kan justerast dersom:

- Stortinget vedtek endringar i kommunal deflator
- Stortinget vedtek endringar i maksimalpris for foreldrebetaling
- kommunen vedtek lågare foreldrebetaling enn nasjonal maksimalpris
- nasjonale styresmakter vedtek endringar i lov og forskrift i løpet av tilskotsåret som fører til endringar i utrekningane av satsar

Eventuelle justeringar av satsar på grunn av forhold nemnde ovanfor, blir gjorde administrativt utan førehandsvarsel, jf. forvaltningslova § 37 fjerde ledd bokstav c. Justerte satsar blir formidla til private barnehagar, og forskrifta blir oppdatert utan unødig opphald.

§ 4. Dokumentasjon på utrekninga

Utrekninga av satsane er gjort i samsvar med gjeldande regelverk, og grunnlaget er synleggjort i tilskotsutrekninga, eige rekneark.

§ 5. Enkeltvedtak om kommunalt tilskot

Tilskotet til den einskilde private barnehagen blir fastsett som enkeltvedtak etter

barnehagelova §§ 19a–c og finansieringsforskrifta § 3, med grunnlag i satsane fastsette i denne forskrifta.